



Johan Lygre  
Lurevegen 1535  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8013 - 21/24178

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
12.04.2021

## Løyve til skadefelling av gås - gbnr 57/5,2 og 4 Lygren ytre

**Administrativt vedtak: Saknr: 461/21**

### VEDTAK

Med heimel i forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark §3-5. gjev Alver kommune Johan Lygre, skadefellingsløyve til 7 grågås på beite og slåttemark på gbnr: 57/5, 2 og 4, Lygre Ytre.

Løyvet plikter at dei førebyggjande tiltak til stansning eller avvegning av skaden i rimeleg utstrekning heldt fram samstundes med skadefellinga. Det vert oppfordra til at skadefellinga vert kombinert med at det vert lagt ut friområde der gåsa fritt kan beite for å auka effekten av skadefellinga.

Skadefellingsløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal tas ut skadegjerande individ i det området der skaden er.
- Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet.
- Løyvet gjeld fram til 25. april 2021.
- Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som uttaket er avslutta og innan 5. Mai 2021.
- Avtale med grunneigar er eit krav for at skadefelling skal kunne gjennomførast.
- Uttaket skal følge FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

### Saka gjeld

Johan Lygre søker i brev dagsett 07.04.2021 om skadefellingsløyve til grågås. Det er søkt om løyve til felling av 10 grågås. Det er søkt om å ta ut grågås på gbnr. 57/5, 2 og 4, Lygre Ytre i Alver kommune for nødvendig å stanse eller avverge skade på avling. Gåsa gjer vesentleg skade på slåttemark og i beifene til sau og storfe. Det er observert flokke av grågås på 40-50 stk. Det belasta område gjeld heile Lygra. Det har vore gjort gjentakande forsøk på manuell

skremming utan at skadesituasjonen har vorte stogga eller vesentleg redusert. Det har vore drive jakt på gås på eigendommen i føregående år.

## **VURDERING**

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7. Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Dei seinare åra har vi sett ei auke i bestand av grågås i vårt område. I dag er jaktida på grågås sett til 10.08 –23.12. Jaktida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å begrense skade på slåttemark og beite. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredings prinsippet, for å hindre eller begrense avlingstap, og må ikkje true bestandens overlevelse. I heile Nordhordland er problemer med gås et kjent problem. Gåsa startar beiting på slåttemarka tidleg vår og det kan medføra stor skade på enga. I tillegg til redusert avling er det eit stort problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg eller redusera kvalitet på foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gåsa gjer på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta er eit krav at skaden er eller kan bli av vesentleg økonomisk betydning samt uttaket er egna til å stanse eller vesentleg begrense skadesituasjonen før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er drift på eigedommane som no søker skadefelling, og avlingstap og redusert forkvalitet utgjer eit vesentleg økonomisk tap for drifta. Det er krav om at det skal vera brukt skadeførebyggja tiltak i rimeleg utstrekning, vurdert ut frå kva verdiar som skal beskyttast og kostnadene ved desse for å redusere skadeomfanget, før ein kan gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det har fungert, gåsa forsvinn ein kort periode, men kjem raskt attende.

Skadefelling er ikkje ei optimal løysing på det aukande problemet med gås i regionen, men i denne konkrete saka vert det vurdert som naudsynt og egna til å stanse eller vesentleg redusere skadesituasjonen utan at uttaket truer bestandens overlevelse.

## **Regelverk**

LOV-2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

FOR-2020-04-01-565 Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8013

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Johan Lygre  
Johan Lygre

Lurevegen 1535  
Lurevegen 1535

5912 SEIM

5912 SEIM